

NYE ÅLESUND KOMMUNE

01.12.2018

13. Kommunalområde 6 Tekniske tenester

13.1 Innleiing

Samandrag og anbefalingar frå styringsgruppa:

1. Styringsgruppa anbefaler ein organisasjonsmodell basert på fag og matriseorganisering.
2. Matriseorganisering vert grunna med behov for auka samhandling på tvers, digitalisering og betra tenester ut mot innbyggjarane.
3. Verksemder; Vatn, avløp og renovasjon (VAR), Veg, anlegg og park (VAP), Kart, oppmåling og geodata, Plan, byggesak og landbruk. Landbruk vert lagt til eining for Plan og byggesak.
4. Innbyggjartorga i alle kommunedelane skal ha ei fyrstelinje med teknisk kompetanse (plan-/byggjesak).
5. Det skal i tillegg etablerast ei teknisk fyrstelinje som skal samordne saker opp mot næringslivaktørar m. fl.
6. Noverande verksemder i Ålesund kommune; Reinhaltsdrift og Eiendomsdrift vert lagt til eigedomsføretaket.
7. Eigedomsføretaket skal ha ansvar for drift og forvaltning av fast eigedom slik det er framlagt i rapporten.
8. Det vert oppretta eit tverrfagleg team med ansvar for strategisk utvikling av areal og avtaler knytt opp til dette. Styringsgruppa meiner desse oppgåvene bør leggjast til kommunalområde 6 (K6) tekniske tenester, alternativt til rådmannen sin stab.
9. Driftseiningar som er basert på oppmøte lokalt skal i så stor grad som mogleg oppretthaldast. Ved behov for arbeidsdeling mellom verksemder og einingar kan dette skje ved internfakturering.
10. Det skal opprettast ei arbeidsgruppe som skal arbeide med samordning av vaktordningar og beredskap for driftseiningane.
11. Det skal utgreiast om VAR-verksemda i Ålesund kan leggjast til sentrallageret i Spjelkavik (Borgundfjordvegen).

12. Uheldig å splitte plan og byggesak, styringsgruppa tilrår samla miljø for fysisk planlegging.
13. Eige fagmiljø med definerte oppgåver i Brattvåg.
14. Landbrukskontoret lokalisert til Sjøholt (rådhuset).
15. Avgrensing og fordeling av oppgåver mot stabsområde 4 Plan, samfunn og næringsutvikling, må avklarast raskt
16. Fysisk tilrettelegging av arbeidsplassar og møtestadar for tilsette og publikum må være på plass.

Styringsgruppa for dette kommunalområdet har bestått av: Ole Andreas Søvik, kommunalsjef som kom inn i gruppa frå tilsettingstidspunktet (oktober 2018), Kim André Breivik (Sandøy) som leia arbeidet fram til Søvik starta, Kjell Sindre Johansen (Haram), Frode Helland (Skodje), Morten Sloth-Fjordside (Ørskog), Ronny Frekhaug (Ålesund), Haldor Lillebø (Delta), Kristin Nonsvik (NITO), Michael Werner (verneombod) og Irene Kalstad Aase (Ålesund, administrativ koordinator for kommunalområdet). I tillegg har gruppa invitert ressurspersonar inn i arbeidet undervegs.

Styringsgruppa har hatt gjester med i arbeidet. Verksemdleiarar for VAP og VAR i Ålesund kommune har delteke i dei siste arbeidsmøta som hovudsakleg har behandla mål og strategiar for kommunalområdet og organisering av tenestene. I dette arbeidet fekk gruppa også prosesshjelp frå Jesper Sode Hansen og Jenny Helle Storange. Rolf Klock, Capricorn AS er eksternt innleidd for å gi bistand til blant anna vurdering og forslag til moglege organisjonskart/-modellar for kommunalområdet.

Det er òg motteke innspel frå tilsette i kommunane, både munnleg og skriftleg. Kommunalsjefen har òg vore på besøk i kommunane og motteke innspel i den samanheng frå tilsette.

Styringsgruppa har brukt tid på kva styringsmodell som bør nyttast for best mogeleg ivareta eigedomsforvaltninga i ny kommune. I dette arbeidet vart assisterande prosjektleiar Bente Glomset Vikhagen invitert for å snakke om saka som seinare vart behandla i fellesnemnda 8. november 2018. Denne saka var viktig å lande for å kunne arbeide vidare med organiseringa av eigedomsdrift og forvaltning. Styringsgruppa fekk proseshjelp frå Malin Piegsa til å arbeide fram fordelar og ulemper med styringsmodellar. Dagleg leiar og avdelingsleiar i Ålesund Kommunale Eigedom KF deltok i same møte for å kome med sine innspel.

Kommunalområdet er samansett av til dels svært ulike tenesteområde. Samtidig er tenesteområda gjensidig avhengige av kvarandre for å kunne levere effektive og gode tenester. Innbyggjarane i nye Ålesund skal oppleve et likeverdig tenestetilbod. I følgje intensjonsavtalen skal basistene i hovudsak være lokalisert slik de er i dag, og det er en målsetting om å kunne gi tilbod lokalt, eventuelt gjennom mobile løysningar for meir spesialiserte tenester.

Følgjande faggrupper har mottatt mandat og har levert sine tilrådingar mv. til styringsgruppa:

- Faggruppe 1: Matrikkel, kart og oppmåling var leia av Per Anders Aure. Alle kommunane var representert i arbeidet med ein eller to personar og samt ein tillitsvalt frå Delta. Desse var med i faggruppa sitt arbeid: Kjetil Grytten, Sol Slinning, Bent Leite, Beate Furstrand, Knut Helge Skare og Haldor Lillebø.
- Faggruppe 2: Vatn, avløp og renovasjon vart leia av Kim Andre Breivik. Alle kommunane var representert med følgjande personar: Kjell Sindre Johansen, Frode Helland, Morten Sloth-Fjordside, Bjørn Skulstad og tillitsvalt David Mertsching.
- Faggruppe 3: Digitalisering og innovasjon for tekniske tenester vart leia av Tom Rian. Ørskog og Sandøy var ikkje representert i

arbeidet. Forøvrig deltok Kjetil Grytten, Regine Bruteig og Marthe Honningdalsnes som tillitsvalt.

- Faggruppe 4: Veg, anlegg og park vart leia av Oddvar Kongsvik. Sandøy var ikkje representert i gruppa. Desse deltok i arbeidet; Kjell Rune Jøsvoll, Magnar Kvalvik, Morten Sloth-Fjordside, Sunniva T. Sanden og Camilla Waagbø Nielsen som tillitsvalt.
- Faggruppe 5: Reguleringsplan og byggesak (dispensasjon) vart leia av Lars Roger Lundanes. Elin Grete Vatnehol, Bent Leite, Bjørnar Andersen, Annegret Siejak og Arne Neumann som tillitsvalt deltok i arbeidet. Sandøy var ikkje representert.
- Faggruppe 6: Landbruk og skog vart leia av Helga Færøy. Alle som arbeidar innan dette fagfeltet i dag deltok i faggruppa. Desse er; Sissel Flagestad, Kårstein Haram, John Ole Aarsæther og Kolbjørn Snekvik.

13.1.1 Oppsummering av innspel frå faggruppene

Oppsummering av innspel frå faggruppene er gjennomgått og vurdert av styringsgruppa i møter. Det er nedsett arbeidsgruppe som skal arbeide fram harmonisering av sjølvkost, gebyr og betalingsregulativ i ny kommune. Det er viktig at dette arbeidet vert fullført i god tid før arbeidet med budsjettet for 2020 startar. Nedanfor følgjer ei kort oppsummering av innspela frå de seks faggruppene:

Samandrag frå faggruppe matrikkel, kart og oppmåling.

Dei viktigaste arbeidsområda innanfor faggruppa sitt mandatområde er eigedomsskatt (driftsansvar), arbeid etter matrikkellova, drift av digitale

kartdata, seksjonering, frådelling av eigedom og oppmåling (landmåling). Innebygd i fleire av dei digitale systema ligg også geografiske analyseverktøy som vert stadig viktigare i samfunnsplanlegginga på tvers av fleire fagområde. I dei fem kommunane blir desse oppgåvene løyst på ulike måtar. Det er berre i Ålesund arbeidet er organisert i eiga verksemd med spesialiserte oppgåver. I dei andre kommunane er oppgåvene meir delte. Samla utgjør desse aktivitetane 24 årsverk, 16 av årsverka er i Ålesund. Eit fellestrekk med dei fleste arbeidsoppgåvene er at teknologiske løysingar og digitalisering er viktige suksessfaktorar. Stikkord i denne samanhengen er:

- Sjølvbeteningsløysingar og automatisering.
- Digital saksflyt mot andre arbeidsområde.
- Kvalitetsheving av digitale grunnlagsdata mellom anna matrikkelen.
- Fokus på rekruttering og kompetansebygging.
- Samordning og samling av fagmiljø.
- Samlokalisering med fagmiljø for plan, byggesak og veg.

Gjennomgangen av viktige arbeidsprosessar viser behov for tett samhandling med aktivitetar som areal- og samfunnsplan, byggesaksbehandling og vegplanlegging. Gruppa peikar på at lokalisering saman med desse fagmiljøa vil være viktig for å arbeide effektivt. Samstundes må ein finne fram til fleksible løysingar for å utføre tenester der brukarane er. Dette gjeld mellom anna landmålingstenester.

Samandrag frå faggruppe Vatn, avløp og renovasjon.

Dette er eit stort og samansett fagområde som omfattar teknisk infrastruktur med varierende løysingar når det gjeld vassforsyning,

avløpsløysingar og renovasjon i dei ulike delane av den nye kommunen. Fagområdet omfattar i dag totalt nesten 75 stillingar i dei fem kommunane, fordelt på leiing, planlegging, prosjektleiing og drift. Bingsa næring vert danna som eige akseselskap i 2019 med ca. 40 tilsette. Desse årsverka er ikkje med i dei 75 stillingane nemnd ovanfor.

Vassforsyninga i den nye kommunen er basert på ei rekke private vassverk i tillegg til nokre kommunale, mellom anna det kommunale anlegget som dekkjer noverande Ålesund og Sula kommune. Sjølv om fleire private vassverk kan levere vatn av god kvalitet og at det å ha fleire vassverk kan være gunstig når det gjeld sikkerheit, peikar gruppa på at situasjonen er lite oversiktleg og at drifta samla sett ikkje er optimal.

Også når det gjeld avløpsanlegg og leidningar er det stor variasjon når det gjeld standard og tekniske løysingar. I Haram og Sandøy er det til dømes ein stor del private anlegg basert på lokale slamavskiljarar. I Ålesund kommune er ein stor del av avløpsløysingane knytt til det kommunale leidningsnettet. Ålesund kommune har gått inn for bygging av nytt felles reinseanlegg i samarbeid med Sula kommune.

I Sandøy, Haram, Skodje og Ørskog driv ÅRIM (Ålesundregionen interkommunale miljøsekselskap IKS) renovasjonstenester og handtering av avfallslam. Ålesund driv avfallstenester og deponi gjennom Bingsa Næring medan ÅRIM har ansvaret for innsamling og gjenvinning av avfall og slam frå husstandane i Ålesund.

Det er eit klart trekk at kommunane i dag organiserer arbeidet på ulike måtar. Medan Ålesund og til ein viss grad Haram har spesialiserte stillingar og oppgåver har dei mindre kommunane utvikla arbeidsmåtar der medarbeidarane ikkje berre utfører oppgåver innanfor eit fagområde. Drift og vaktordningar er i stor grad basert på at fagområda vatn, avløp, eigedom og også brann er integrert på ein måte som gjer at endringar i arbeidsmåtar og organisering innanfor eit av fagområda kan ha verknad

på heile organisasjonsmodellen og gi uheldige følgjer. Dette gjeld mellom anna vaktordningar og beredskap, også brann.

Gruppa kjem med fleire innspel knytt til organisering og lokalisering av VAR-området i nye Ålesund:

- Eit samansett og komplekst fagområde sett krav til kompetansebygging og spesialisering, samstundes må det være kompetanse på drift av anlegga i alle delar av kommunen.
- Behov for fleksible løysingar når det gjeld oppmøtestad og arbeidsavtalar. For mange er det avgjerande kvar arbeidsplassen ligg.
- Samlokalisering av drifts- og planavdelingane i Ålesund vil gi ein meir robust organisasjon og gevinstar når det gjeld samhandling, utvikling av løysingar og innovasjon.
- Store synergjar med vidareutvikling av samarbeidet opp mot områda med veg, anlegg og park (VAP).
- Stort behov for å få på plass leidnings-data og kart/planverk, som har konsekvensar for tryggleik og beredskap.
- Store gevinstar innanfor fagfeltet når det gjeld smart-city teknologi, simulering og digitalisering.
- Organiseringa må ta omsyn til at brannberedskapen skal oppretthaldast.
- Behov for utvida støttefunksjonar i eigen verksemd eller innanfor kommunalområdet.
- Ein bør vurdere felles lokalisering, eventuelt også framtidig felles organisasjon med Veg, Anlegg, Park (VAP).

Samandrag frå faggruppe Digitalisering og innovasjon.

Arbeidsgruppa har kartlagt både manuelle og digitale arbeidsprosessar innanfor dei 19 fagområda i kommunalområdet. Ålesund brannvesen KF og Ålesundsregionens havnevesen har ikkje vore med i kartlegginga.

Gruppa peikar på at eit gjennomgåande trekk er at dei større fagmiljøa generelt har tatt i bruk digitale system som dei mindre ikkje har kunne nytte seg av. Samstundes er det også tatt i bruk IT-system som gjer at samhandling og bruk av data på tvers av plattformer blir vanskelig. Dette krev betre samordning når det gjeld val av digitale på tvers av dei tekniske fagområda og mot andre delar av organisasjonen. Det er viktig at ein i den nye kommunen samlar data for å forbetre eigne tenester og for å ha kunnskap for å kunne peike ut ein betre overordna kurs for framtida. Lagring av slike datasett er viktig for å kunne ta i bruk «big data», maskinlæring og utvikle tenester basert på «kunstig intelligens».

Eit karakteristisk trekk med dei tekniske fagområda er at mange data og opplysningar herfrå er etterspurde blant innbyggjarane. Eksempel på dette er opplysningar om bygge-, dele- og plansaker, arealplanar, opplysningar om eigen eigedom, kommunale gebyr og eigedomskatt, opplysningar om vass- og straumforbruk mm. Ein viser til at det i dag ikkje er kopling mellom fleire av desse datasetta noko som ein treng for å gi betre informasjon fram til innbyggjarane.

Innspel til organisering av kommunalområdet:

- Behov for samordning av innovasjons- og utviklingsarbeid på tvers av verksemdene. Det er ein tendens til at innovasjons- og utviklingsarbeid kunn skjer innanfor dei einskilde fagområda utan at ein ser på kva effektar det får for kommunalområdet organisasjonen samla sett.
- Stort behov å vidareføre og forsterke samarbeidet med NTNU og simulatormiljøet ved NMK. Kan gi synergjar innanfor fagområde som VA, arealplanlegging, eigedom og geodata.
- Felles koordinering når det gjeld innkjøp av større it-fagsystem vil krevje tverrgåande samordning og budsjettpostar.

- Tilpassing av eksisterande it-verktøy til nye arbeidsprosessar vil kunne fjerne manuelle prosessar og lette samhandling med andre system.
- Digitalisering av analoge arkiv som bygningsarkivet, er ein føresetnad for digitale arbeidsrutinar og heilskapelege tenester ut mot innbyggjarane. Dette er arbeidskrevjande og kostbart arbeid, men val av strategi når det gjeld handtering av arkiv påverkar også utforminga og lokaliseringa av den framtidige organisasjonen.

Samandrag frå faggruppe Veg, anlegg og park.

Fagområdet omfattar planlegging, vedlikehald og forvaltning av kommunale gater, vegar og grøntareal. I Ålesund er verksemda som representerer desse fagområda (VAP) også mynde for kommunale vegar/gater og grøntområde og turvegar. I dei andre kommunane er desse oppgåvene lagt til andre delar av administrasjonen. Andre viktige oppgåver der tilsette innanfor dette fagområdet har spesialkompetanse er mellom anna overvasshandtering, trafikkplanlegging, natur- og miljø og planlegging av by- og gaterom, leikeplassar og grøntareal. Samla årsverk i dei fem kommunane er 52 stillingar, av desse er omlag 35 stillingar knytt til drift/utestyrke. Også når det gjeld driftseiningane er organiseringa i dei mindre kommunane i stor grad kombinerte stillingar med oppgåver som gjeld vatn, avløp, veg og eigedom. Det same gjeld organisering av beredskap og vakt. Aktuelle innspel frå arbeidsgruppa for veg, anlegg og park:

- Særleg veg- og grøntområdet har store utfordringar når det gjeld rekruttering av fagfolk. Dette bør takast omsyn til ved bygging av ny organisasjon.
 - Behov for samordning slik at ein får likeverdig beredskapsvakt i dei ulike delane av den nye kommunen. Dette også gravemeldings-tenesta.
- Handtering av overvatn er ei utfordring som må handterast gjennom tverrfagleg samarbeid.
 - VAP-tenestene høyrer saman med VAR, plan og bygning, eigedom med fleire. Her er det viktig med eit godt tverrgående samarbeid. Fysisk planlegging bør samordnast i kommunalområde 6.
 - Viktig at eksisterande kompetanse innan planlegging og prosjektleiing av veg og trafikkanlegg vert oppretthaldt. Det same gjeld sykkelplanlegging.
 - Grunnseksjonen bør plasserast i dette kommunalområdet (K6), alternativt i rådmannen sin stab.
 - Gruppa anbefaler lokalisering i Ålesund Rådhus, Borgundfjordvegen (sentrallageret for Ålesund kommune) og ei lokalisering i enten Haram eller Skodje.
 - Ansvar knytt til forvaltning av friluftinteressene må avklarast gjennom endeleg organisasjonsplan.

Samandrag frå faggruppe Reguleringsplan og byggesak.

Fagområdet omfattar byggjesaksbehandling i samsvar med plan og bygningslova, saksbehandling av offentlege og private reguleringsplanar. Andre viktige oppgåver er by- og stadsutvikling, smart-city, analyse/ utredningar og anna overordna planlegging etter avtale med rådmannen. Samla omfattar arbeidsgruppa sitt mandat det største fagmiljøet innan plan og byggesak mellom Bergen og Trondheim, med totalt 35 årsverk fordelt på 40 stillingar. Utviklinga innanfor desse fagfelta har gått i retning av meir samansette oppgåver og vekk frå eit typisk ingeniør-dominert miljø. Innanfor det samla fagmiljøet finn ein i dag mellom andre samfunnsplanleggarar, juristar, landskapsarkitektar, arkitektar, ingeniørar og medarbeidarar med bakgrunn innan naturforvaltning, kulturminnevern, formidling, It og økonomi. Dei største fagmiljøa er i Ålesund med 23 tilsette og Haram med 7 tilsette. Skodje kommune

behandlar byggesaker for Sandøy kommune, tilsvarande ordning gjeld for Ørskog der Ålesund kommune står for behandling av byggesaker.

Det skjer også ei rask utvikling når det gjeld nye digitale arbeidsverktøy og nye kommunikasjonsløyningar ut mot publikum. Samstundes er fleire av arbeidsoppgåvene som blir utført retta ut mot innbyggjarar og næringsliv. Krav til enklare sakshandsaming og kortare saksbehandlingstid er ein del av utfordringane framover. Innspel frå arbeidsgruppa for reguleringsplan og byggesak:

- Aukande kompetansekrav til tilsette og større krav til tenestetilbod frå brukarane, vil krevje større fagmiljø. Det er lettare å rekruttere personell med høg utdanning til eit stort og utviklande fagmiljø.
- Både lokalkunnskap og nærleik til kundane er viktig for lokalisering av tenestene. Haram kommune framhever gevinstar av lokalkunnskap og har «opne dører» for publikum.
- Haram kommune ønskjer nærleik til publikum, lokal forankring utan pendling, interessante arbeidsoppgåver i eit fagmiljø der alle bidreg og blir verdsett.
- Større fagmiljø med brei kompetanse gir tilgang på større tverrfaglige miljø.
- Eit viktig fagmiljø ved realisering av bypakke Ålesund.
- På bakgrunn av dette meiner ein at det er uheldig å splitte dagens Plan og bygning. Splittinga svekkar fagmiljøet. Todeling av ansvaret for fysisk planlegging kan gi aukande byråkrati, strengare formaliseringskrav, dårlegare totaloversikt og uklare samarbeidsforhold.
- Gruppa meiner at oppgåvefordelinga til K6-F5 og til S4, jf. mandata for begge gruppene er vanskeleg å praktisere. Innanfor kommunalområdet bør ansvaret for alle typar reguleringsplanar ligge; område og detaljregulering, saksbehandling av offentlege og private reguleringsplanar. Desse oppgåvene bør også omfatte

kommuneplanen sin arealdel som heng tett saman med dei andre arbeidsoppgåvene som ligg innanfor fagområda til K6.

- Stabsområdet bør ha ansvar for kommuneplanens samfunnsdel, planstrategi, beredskapsplanlegging og andre strategisk planar som går på tvers av de ulike kommunalområda.
- Nokre oppgåver fell innanfor fleire verksemdar/nivå sitt ansvarsområde. Dette gjeld kulturminne beredskap og samfunnstryggleik, friluftsliv, barnetrakk, folkehelse, klima og miljøverninteresser. Nokre av desse oppgåvene bør plasserast under eit stabsområde.

Samandrag frå faggruppe Landbruk og skog

Sentrale arbeidsoppgåver er mellom anna vilt, skog og jordforvaltning knytt til kommunale eigedomar, høyringspart når det gjeld kommunal eigedom i LNF-område og strandsone, motorisert ferdsel i utmark, laks og innlandsfiske og landbruksansvar i høve utvalde kulturlandskap. Ein er også rådgivar for jordskifteretten i fagspørsmål. Arbeidsoppgåvene er i dag delt mellom Nordre Sunnmøre Landbrukskontor som er lokalisert i Rådhuset på Sjøholt og Haram kommune som har kontor plassar i Brattvåg. I dag er det 3 stillingsheimlar på kvart kontor. Dimensjonering av eit framtidig landbrukskontor i nye Ålesund vil være avhengig av ei nærare avklaring om samarbeidskommunane Giske, Sula og Stordal blir med i eit interkommunalt samarbeid vidare.


Innspel frå arbeidsgruppa:

- Ønskjer at landbrukskontoret vert samla på ein stad, helst felles lokalisering med planavdeling, byggesak og GIS-miljø.
- Behov for fleksible løyningar når det gjeld oppmøte, heimekontor og liknande.
- Klare delegasjonar-respekt for fagkompetansen.
- Landbrukssjef med fagleg ansvar, også personalansvar.
- Viktig at landbrukskontoret har medverknad i alle plansaker.

- Forbetring av rutinar mellom andre faggrupper og landbruksforvaltning.

13.2 Mål og strategiar

Styringsgruppa fekk proseshjelp i arbeidet med å formulere mål og strategiar. Under overskriftene; «Livskvalitet for innbyggjar» «Berekraftig miljø og sirkulærøkonomi» «Konkurranseskraft» . Dette er den same målformuleringa som Fellesnemnda har valt å legge til grunn for arbeid med ny samfunnsdel i Kommuneplanen for nye Ålesund. «Samhandling internt i organisasjonen» skulle vi notere ned kva vi vil ha og eller behalde og kva vi vil fjerne eller unngå. I denne prosessen krystalliserte det seg kva K6 ønskjer. I arbeidet med å samanstille alle innspel har vi sett på dagens vedtekne mål og strategiar i kommunane. Målekortet til Haram for 2018 fann vi oppsummerte våre innspel så godt at vi har valt å bruke dette. Vi har ikkje lagt inn mål og strategiar for kvar verksemd. Dette finn vi naturleg at skal skje på eit seinare tidspunkt når verksemdene er etablert og tilsette er på plass. Lover og forskrifter mv. skal sjølvstøtt følgjast.



Overordna mål:

Ålesund kommune skal vere ein attraktiv kommune å investere i og virke i, busette seg i og leve i.

Fokusområde: Forpliktande tverrfagleg samhandling.

Mål:

Ålesund kommune leverer moderne og brukarretta tenester i samspel med innbyggjarar/omgivnader.

Strategiar:

- Gode system for kommunikasjon og dialog der ein tek sikte på at forventningane skal tilpassast moglegheitene
- Forpliktande tverrfagleg samhandling i organisasjonen
- Systematisk arbeid med prioriterte satsingsområde

Mål:

Ålesund kommune nyttar ressursane effektivt.

Strategiar:

- Vise evne og vilje til samspel med omgivnadane og internt i organisasjonen
- Til ei kvar tid ha ei hensiktsmessig organisering
- Ha ei god oversikt over og styring på økonomiske ressursar
- God forankring i politiske organ

Mål:

Ålesund kommune har medarbeidarar som deltek aktiv i eit utfordrande og tverrfagleg arbeidsmiljø, med rom for læring og utvikling.

Strategiar:

- Godt omdøme i forhold til å kunne rekruttere og behalde arbeidstakarar.
- Samkøyrte leiing på tvers av ulike tenesteområde og nivå i organisasjonen.
- Medarbeidarar som har nødvendig kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Mål:


Ålesund kommune er i kontinuerlig og målretta utvikling og tydelig i si rolle som aktør i samfunnsutviklinga.

Strategiar:

- Kvar for seg eller saman med andre identifisere og oppdatere aktuelle tiltak/prosessar som sikrar kvalitet og samordning, samt reduserte kostnader på sikt.

13.3 Organisasjonskart over kommunalområdet

Visuelt kan verksemder og føretak innanfor kommunalområdet framstillast som vist på illustrasjonen nedanfor. Illustrasjonen syner dagens organisering i dei fem kommunane. Ringane har storleik etter talet på årsverk innanfor dei ulike einingane og gir dermed ei visuelt bilde på hovudstruktur og bemanning slik den er i dag. Kartlegginga som er utført viser at bemanninga innanfor desse fagområda er dimensjonert relativt likt i alle kommunane når ein tek omsyn til folketal.



Dagens verksemder og føretak innanfor kommunalområde 6.

Dei overordna måla som ligg i intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune er følgd opp med føringar frå prosjektleiar som gjeld organisasjonsstruktur og samhandling på tvers av fag :

- Nye Ålesund kommune skal organiserast på to styringsnivå, rådmannsnivået og einings- og verksemdnivået.
- Kommunalsjefen skal ha en fagstab.
- Det skal leggest til rette for samarbeid og samhandling på tvers i en hierarkisk modell.
- Organisasjonen skal ha desentraliserte tenester der folk bor.
- Innbyggjarane og brukarar skal sikrast likebehandling og likeverdige tenester.

Dette inneber at organisasjonen må handtere utfordringar i tre hovuddimensjonar:

- Ein fag-dimensjon. Ein må sikre nødvendig fagleg kompetanse på kort og lang sikt. Då må verksemda ha ein storleik som skapar faglege miljø som både er tiltrekkande på framtidig rekruttering og som kan vidareutvikle eigen kompetanse gjennom kompetanseheving og utviklingsprosjekt.
- Ein tverrfaglig dimensjon. Ein må sikre samarbeid og samhandling på tvers av fag og verksemd, blant anna ved frigjering av ressursar til felles prosjekt og aktivitet. Dette må reflekterast i verksemdavtale/driftsavtale.
- Ein geografisk dimensjon – med lokal tilstedeværelse. På det strategiske plan skal det skje ved å legge fagmiljø til dei ulike tidlige kommunesentra. På operativ plan der dagleg drift, vakt og beredskapsordningar med krav til geografisk nærleik vil krevje at dagens ordningar med kombinerte stillingar etc. vert oppretthald på tvers av verksemd i enkelte områder.

For å sikre ein godt fungerande organisasjon både ut mot innbyggjar/brukar og internt må ein i tillegg ha med to dimensjonar til:

- Profesjonalitet, som blant anna vert ivaretatt gjennom verdiar, haldningar, kultur, system og rutinar.
- Arbeidsmiljø, som blant anna vert ivaretatt gjennom tydeleg struktur, god leiing og kjensle av å høyre til i eit fellesskap. Sjølv dei minste einingane bør ha ein viss storleik og alle tilsette skal være tilsett berre ein plass. Behovet for kombinasjonsstillingar kan ivaretakast gjennom kjøp av tenester på tvers av verksemd og føretak.


Med dette utgangspunktet har vi vald å bygge opp organiseringa kring ein matrisemodell.

- Verksemdene er hovudeiningane i modellen. Dei tek i hovudsak utgangspunkt i eksisterande fagdeling i Ålesund kommune. Det har vore vurdert å samle VAR og VAP i ei verksemd, men det blir ikkje tilrådd no. Alle tilsette som ikkje er en del av kommunalsjefen sin stab/støttefunksjoner er tilsett i ein av desse verksemdene.
 - Vatn, avløp og renovasjon
 - Veg, anlegg og park


- Matrikkel, kart og oppmåling
- Plan, byggesak og landbruk
- Det tverrfaglege elementet, og den reinte operative sida av behov for lokalisering, vert ivareteke i matrisa. Matrisa vil såleis bestå av meir permanente element som til dømes 1. linje tekniske tenester, drift/vakt/beredskap og element som har ein meir prosjektform med ein start og ein slutt. Også utviklingsarbeid på tvers av verksemdar og føretak kan leggast her.
- Lokalisering av fagmiljø vert ivareteke direkte i linja innanfor den aktuelle verksemda.

Organisasjonskartet for kommunalområdet svarar i seg sjølv ikkje på lokalisering av dei einstilte fagmiljøa. Ut frå føringane ovanfor, er det i forslaget til organisasjonsmodell lagt til grunn at ein som hovudprinsipp skal oppretthalde noverande balanse når det gjeld tenester, fagmiljø og drift i dei ulike delane av den nye kommunen. Styringsgruppa har lagt til grunn følgjande hovudprinsipp når det gjeld lokalisering av dei tekniske tenestene som er vist i illustrasjonen nedanfor. Merk at driftseiningar ikkje er vist på kartet.

Hovudprinsipp lokalisering.



Organisasjonskart kommunalområde 6 Tekniske tenester:



13.4 Avdelingar, team, seksjonar i stabsområdet med forslag til leiar/rolle/ funksjonsbeskrivingar

Organisasjonsmodellen følgjer opp føringane frå prosjekteiar om ein funksjonsbasert modell med to styringsnivå; rådmannsnivået og eit verksemd/einingsnivå. Matriseorganiseringa der overordna styring er lagt til kommunalsjef/fagstab skal skape ein arena for betre samhandling i organisasjonen og sikre at oppgåvene som blir priorert her er forankra på alle nivå og sett inn i ein heilskapleg samheng. Matrisa er vist med stipla linje i organisasjonskartet på side 12. Modellen opnar for at alle nivå i føretak og verksemdar kan involverast i felles oppgåver, team- og prosjektarbeid. Leiarane har sjølv sagt ei viktig rolle her, men erfaring frå andre organisasjonar viser at innovasjon og smarte løysingar ofte skjer på driftsnivået, ute mot brukarane og der arbeidet blir gjort. Samstundes inneber matriseorganiseringa at ein går inn på ei krevjande arbeidsform som set krav til styring, godt samarbeidsklima og samling om felles mål og prioriteringar.

Styringsgruppa har derfor lagt opp til ein organisasjonsmodell der verksemdar og einingar lett kan identifiserast ut frå fag og funksjonar slik ein kjenner dei i dag. Dette gir stor grad av stabilitet på noverande arbeidsplasser. Ikkje minst vil dette gjelde i driftsdelen av organisasjonen der berre mindre justeringar kan skje på kort sikt. Samstundes betyr ikkje dette at innhald og organisering innanfor dei ulike einingane ikkje kan bli endra i den vidare prosessen. Det er likevel mest gjennom arbeidsformene som følgjer av matriseorganiseringa at kommunalområdet skal svare på dei utfordringane som ligg i intensjonsavtalen for den nye kommunen. I det ligg blant anna:

- heilskapleg planlegging
- fordeling av spesialiserte fagmiljø ut i tidlegare kommunesentra
- tettare samarbeid mot forskning og utdanning
- innovasjon og nyskaping og
- betre kvalitet på service og tenester

Også føretaka og dei interkommunale selskapa er ein del av matrisa som fordrar til samhandling på tvers.

13.4.1 Verksemdar i kommunalområdet

Brann:

T5 Brann og redning er eit eige prosjekt og skal vere organisert i eit kommunalt føretak i nye Ålesund. Det er ca. 75 årsverk i føretaket som har ei kopling til fleire områder i K6. Innsatsstyrken og vaktordninga til brann og redning i dei mindre kommunane er deltidstilsette. Det er viktig å behalde høg beredskap og kompetanse i nye Ålesund. Styringsgruppa vil opprette ei arbeidsgruppe som ser spesielt på dette og som skal vurdere ulike løysingar på vakt og beredskap i alle fagområder. Vaktordningane bør samkøyrast for å oppnå tverrfaglege gevinstar.

Hamn:

Tenesteområdet Hamn har førebels ikkje mottatt mandat frå styringsgruppa, men styringsgruppa har vurdert at dette er eit fagområde som bør samlast i ei eining i nye Ålesund. Det er gjort vedtak i fellesnemnda om at det skal vere eit interkommunalt selskap (IKS). Det vert lagt opp til at arbeidet med Hamn i nye Ålesund kommune vil starte tidleg i 2019.

Årim:

Også Årim er eit interkommunalt selskap som fellesnemnda har gjort vedtak om skal fortsette. Sidan alle kommunane i nye Ålesund er med i dette selskapet er det ikkje naturleg å gjere noko anna enn å nemne det i rapporten. Det skal ikkje lagast mandat eller arbeidast med dette selskapet i styringsgruppa for kommunalområde 6.

Eigedom:

Den nye kommunen vil være eigar av ei betydeleg bygningsmasse med eigedomar som spenner over eit bredt spekter når det gjeld bruk og bakgrunn for eigarskap. Dette gjeld mellom anna:

- A. Eigedomar for framtidig bruk av kommunen til eige bruk eller med tanke på næringsutvikling eller annan utvikling basert på overordna planar (kommuneplan ol.).
- B. Formålsbygg, anlegg og installasjonar knytt til verksemdar og einingar innan det tekniske området, til dømes VAR, VAP, Brann og hamn.
- C. Formålsbygg for administrasjon og kontor, utdanning, helse, omsorg og kultur.
- D. Bustader og leilegheiter.

Det er gjort vedtak om at eigedomsforvaltninga skal organiserast i i eit føretak. Fellesnemnda gjorde følgjande vedtak 8. november 2018:

045/18 - Fellesnemnd nye Ålesund - Vedtak:

1. Nye Ålesund kommune etablerer kommunalt føretak (KF) for å løyse oppgåver knytt til eigedomsforvaltning og eigedomsdrift.
2. Prosjektleiar skal arbeide vidare med å finne ei god organisering av det samla eigedomsområdet. Dette omfattar mellom anna kva for grenseoppgangar ein skal ha mellom oppgåver som skal løysast i det kommunale føretaket og i den ordinære kommunale organisasjonen. Med bakgrunn i dette arbeidet vil fellesnemnda få framlagt sak med forslag til oppgåver og føremål (vedtekter) for det kommunale føretaket.
3. Tilsette sine rettar skal, uavhengig av driftsform, ivaretakast gjennom heile prosessen jf. lov- og avtaleverk.
4. Det bør vurderast om det kan knyttes til enda meir driftsrelaterte oppgåver til føretaket slik at vi kan ha endå meir samhandling inn mot verksemdene i driftsspørsmål og dermed vere enda tettare knytt til oppfølginga av bygga vi leiger ut. Ein må då innsjå at ein i føretaket på dette området sannsynleg må forlate prinsippet om bestiller-utfører modellen. Det vil ikkje bli konkurranseutsetting av tenestene og ein får fast kostnad med årsverk som må sysselsettast, i staden for å leie inn ressursar etter behov. For kommunen som heilhet vil kostnaden likevel vere den same.
5. Eigedomsforvaltninga i (nye) Ålesund kommune skal evaluerast i kommunestyreperioden 2020 - 2023.

Styringsgruppa tolkar vedtaket til at dette i første rekkje gjeld eigedomar og bygg nemnd under pkt. C og pkt. D ovanfor. Styringsgruppa meiner at eigedomar nemnd under pkt. A bør forvalta utanfor eigedomsføretaket, nært opp mot einingar som arbeider med overordna prosessar og strategisk utvikling av kommunen. Eigedomar nemnd i pkt. B blir i dag forvalta innanfor dei respektive einingane og føretaka, ein tenkjer seg den same ordninga i nye Ålesund kommune.

Vidare tolkar styringsgruppa vedtaket slik at flest mogleg driftsrelaterte oppgåver bør vurderast lagt til føretaket. Dette vil føre til mindre eller ingen konkurranseutsetting av desse tenestene.

Dagen før fellesnemnda gjorde dette vedtaket leverte faggruppe T1 Eigedom og eigedomsforvaltning sin rapport. Denne rapporten har styringsgruppa gjennomgått i møte. Styringsgruppa har ikkje hatt tid til å drøfte forståinga av vedtaket i fellesnemnda med faggruppe T1 Eigedom og eigedomsforvaltning, men legg fram forslag til organisering av tenester i samsvar med forståinga av vedtaket. Det betyr at styringsgruppa foreslår ei anna organisering av føretaket enn det T1 har lagt fram forslag om i sin rapport.

Styringsgruppa tilrår at eigedomsføretaket skal ha ansvar for eigedomar og bygningar knytt til pkt. C og pkt. D som beskrive ovanfor, og at ein samlar alle driftsrelaterte oppgåver og verksemder for desse eigedomane og bygga i føretaket. I dette ligg at dagens Ålesund kommune sine verksemder Eiendomsdrift og Renholdsdrift vert lagt til føretaket, saman med tilsvarande stillingar og driftseiningar i Haram, Sandøy, Skodje og Ørskog. Føretaket vil då ha ca. 145 årsverk.

Driftsoperatørar må vi ha i heile kommunen. Dagens struktur bør oppretthaldast, med eit mål om gradvis spesialisering. Vi må ha robuste vaktordningar og god beredskap. Når det gjeld vaktordningar på bygg skal personalet ha eit teamarbeid og samhandling som gir gevinst. I det ligg at

vaktordningane må samordnast for fagområda i kommunalområdet; VA, bygg, vaktmestertenester, Brann, VAP, brøyting. Vakta skal vere i stand til å besøke kvarandre sine bygg og kunne ha overlapping mellom «grensene» for operative tenester mv.

Styringsgruppa vil opprette ei eiga arbeidsgruppe for å vurdere ulike løysingar når det gjeld vakt og beredskap innan K6 sine fagområde.

Vi må ha bærekraftige fagmiljø. Dei tilsette skal høyre til i ei verksemd og dei tilsette bør ikkje flyttast unødige. Tverrfaglig samarbeid er ein føresetnad for å lukkast, saman med arbeidsmiljø, profesjonalitet og god leiing.

Reinhaldsdrifta kan oppretthaldast som no og det vil fortsatt vere mogeleg å måle (bench-marking) tenesta mot det private næringslivet. Å leggje reinhald under føretaket kan gi gevinst i meir heilskapleg drift av bygga og gjer at reinhaldarane vert ein del av eit større fagmiljø. Tekniske løysingar i moderne bygg set krav til sterkare integrasjon til fagområda innanfor eigedom.

Styringsgruppa stiller spørsmål om utleigetenesta og Husbank skal ligge i føretaket. Styringsgruppa konkluderte ikkje, men ønskjer å sette søkelys på temaet. Grensegangen mellom føretaket og tildelingskontoret om kven som skal ha ansvar for kommunen sitt boligsosiale arbeid bør avklarast. Det er avgrensa butid i kommunale boligar med eit mål om å gjere bebuar i stand til å skaffe seg eigen bustad, og då er Husbanken sine tenester eit mykje brukt og godt verkemiddel.

Som nemnd ovanfor meiner styringsgruppa at eigedom sikra til framtidig bruk av kommunen, til eigedomsutvikling ol. bør forvalta nær opp mot einingar som arbeider med overordna prosessar og strategisk utvikling av kommunen. Styringsgruppa meiner det er eit klart behov for samordning og meir heilskaplege arbeidsmetodar knytt til viktige prosessar som

normer og rekkjefølgjekrav i reguleringsplanar, utbyggingsavtalar, refusjon mv. Dette er prosessar som krev heilskaplege grep, tett kopla opp mot heilskaplege strategiar og god kjennskap til fagkunnskap om tekniske løysingar, avtalar og kommunikasjon med interessentar og næringsliv. Styringsgruppa meiner det kan vere naturleg å legge eit slikt tverrfagleg team med ansvar for eigarskap inn i matrisa innanfor kommunalområde 6 Tekniske tenester. Det vil då vere behov for ei tett kopling opp mot rådmann, strategisk leiing, eigedomsselskapet og kommuneadvokaten gjennom kommunalsjef og fagstab. Grunnseksjonen bør inngå i eit slikt team. Ei alternativ plassering kan være i rådmannens stab men ein får då ei mindre direkte kopling mot dei tekniske fagområda.

Kommunalsjef:

Det er tilsett kommunalsjef for kommunalområdet, Ole Andreas Sjøvik.

Fagstab

Styringsgruppa har drøfta dimensjonering og funksjonar innanfor kommunalsjefen sin fagstab. Hovudoppgåvene vil være strategi, styring, kommunikasjon og tverrfagleg koordinering. Ein har lagt vekt på at fagstaben ikkje bør bestå av for mange personar og heller ikkje bli gitt oppgåver som høyrer heime i staben til rådmannen. Samstundes må kommunalsjefen ha nok ressursar i fagstaben til å handtere dei overordna oppgåvene, ikkje minst styring og koordinering av arbeid lagt til «matrisa». Foreløpige vurderingar tilseier følgjande stillingar:

- Leiar av fagstab, vil også vere stadfortredar for kommunalsjef.
- Koordinator for digitalisering, innovasjon og tekniske løysingar.
- Koordinatorar for tverrfagleg arbeid i team og prosjekt.

- Koordinator mot driftseiningar og eksterne fagmiljø, første linje.

Intensjonsavtalen inneber at viktige servicefunksjonar skal vere i alle rådhus. Kva som er viktige servicefunksjonar er ikkje definert.

Styringsgruppa forventar at innbyggartorga i ny kommune vil ha ein sentral rolle i dette perspektivet. I tillegg vil ein føreslå at kommunalområdet får ei teknisk førstelinjeteneste for å følgje opp innbyggjar og næringsliv i saker som naturleg ikkje kan løysast av innbyggjartorga. Ein foreslår også å ha «satelittar» i Ørskog og Sandøy 1-2 dagar kvar veke, etter behov. Beslutningar må kunne tas her, jf mynde og leiing.

Støtte:

Leiarar må få frigjort tid til leiing og treng støttetjenester. Det tenkast då særleg på oppfølging av arbeidsplanar som er laga av leiar (GAT), fakturabehandling, gebyrhandtering, reiserekningar og anna rutinearbeid som tek tid. Det er eit spørsmål om kvar delinga skal gå mellom spesialisert fagavdeling og kor mykje støttefunksjonar som er hensiktsmessig å ha i kommunalområde 6. Det same vil også gjelde spørsmål om fordeling av oppgåver vidare til sentraliserte støttefunksjonar som økonomiavdeling, innkjøp mv. Foreløpige vurderingar tilseier følgjande ressursar:

- Generell merkantil og organisatorisk støtte.
- Controller/økonom med høg kompetanse (sjølvkostkompetanse).
- Ansvar for spesialiserte tekniske løysingar og IT.
- Prosjektstyring, prosess- og prosjektleiing.

Fleire av verksemdene ligg innanfor sjølvkostområda, for eksempel byggjesak og VA. Ein brukar i dag mykje ekstern konsulenthjelp til oppfølging av sjølvkostområda. Ein av fordelane med å bruke eksterne konsulentar er at ein då får ei meir uavhengig evaluering og kontroll utanfrå enn dersom ein utfører desse oppgåvene internt. Samstundes vil kostnadene til ekstern konsulenthjelp truleg kunne finansiere interne stillingar.

Vatn, avløp og renovasjon:

Innan fagområda vatn og avlaup vil det vere ca. 75 årsverk. Verksemdene i dagens kommunar skal samlast til ei verksemd og ha ein verksemdleiar med fag-, personal- og budsjettansvar. Skal nye Ålesund få ein robust og kompetent organisasjon er vi avhengig samlokalisering av drift og planlegging. Det er klare synergjar med å samlokalisere prosjektering og drift. Styringsgruppa rår til at det raskt vert utgreidd om verksemd VA kan flytte til Ålesund kommune sitt sentrallager i Borgundfjordvegen.

Vidare føreslås at utbygging vert styrt gjennom kommunalområdet sin stab. Det betyr ei tredeling av verksemda og at verksemdleiar må forflytte seg mellom desse. Denne organiseringa vil gi ein tverrfagleg rådhusfunksjon som vil ivareta kommunalområdet sine mange oppgåver. Ei slik spesialisering vil vere tenleg for totaldrifta i K6. Faggruppa for VAR har anbefalt at alle deler av verksemda vert samlokalisert.

Sentrallageret i Borgundfjordvegen har også tilsette i VAP og det vurderast som ein fordel når det gjeld samordna drift. Styringsgruppa har brukt mykje tid på å vurdere samlokalisering av VAR og VAP, men har landa på at det heller skal skje på sikt. Det same gjeld spørsmålet om å gjere VAR og VAP til ei verksemd. For å blant anna harmonisere tenestene i ny kommune er det lettare å gjere dette arbeidet i kjent organisering.

Det er eitt klart trekk at Ålesund har spesialistar innafor dette fagområdet, og dei andre fire kommunane (med nokre unntak i Haram) har langt utvikla tenester med generalistar som ikkje berre arbeider innafor eitt fagområde. Det er eitt samansett og komplisert fagområde og krava til kompetanse er høg. Skal vi oppnå måla i intensjonsavtalen, må det vere noko kompetanse på drift av anlegga i alle delar av den nye kommunen.

Frå 1. januar 2019 Bingsa Gjenvinning AS vere etablert. Dagens Bingsa Næring har 41,6 årsverk. Selskapsavtale til det ny stifta aksjeselskapet er under utarbeiding og grensedraginga mot Årim må avklarast nærare. Styringsgruppa har ikkje brukt særleg tid på denne delen av verksemda.

Veg, anlegg og park:

Verksemda tel knappe 52 årsverk som hovudsakleg er utestyrke. Det er einighet om at VAP skal samlast i ei verksemd i nye kommune og at hovudlokasjonen skal vere i Ålesund. Haram, Skodje, Ørskog og Sandøy har tverrfagleg personell som skal takast vare på og som skal spesialisert over tid. Gjennomgang av arbeidsprosessar med bruk av flyt skjema viser at mykje er på plass, men harmoniseringsarbeid må fortsette for å gi likeverdige tilbod i kommunen. Det er også vektlagt at digitalisering av tenestene må vere eit satsingsområde. Bruk av ny og eksisterande programvare kan effektivisere og trygge drifta.

Kart, oppmåling og geodata:

Årsverk vil vere ca. 36 i ny organisasjon. Styringsgruppa rår til at verksemda bør oppretthaldast som eiga eining. Samling i felles verksemd med Plan og bygning har vore diskutert og bør vurderast på sikt. Fleire av arbeidsprosessane er sterkt knytta opp mot digitale løysingar. Ei viss

desentralisering av funksjonar kan vurderast i vidare prosess med organisering. Samlokalisering med fagmiljøa knytta til plan og byggesak gir synergjar.

Plan, byggesak og landbruk:

Årsverk vil vere ca. 40 inkludert landbruksstillingane som no ligg i Haram og Ørskog. Stillingar knytt til plan og byggesak vil være ca. 35. Styringsgruppa anbefaler at landbrukskontoret blir lagt til Ørskog rådhus, og at det blir etablert fleksible ordningar tilpassa dei tilsette sin arbeidssituasjon.

Styringsgruppa viser til innspela frå arbeidsgruppene og konkluderer med at ansvaret for fysisk planlegging, dvs. kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar må leggjast til denne eininga. Ei oppsplitting av desse oppgåvene vil skape store utfordringar i den daglege drifta og svekke eksisterande fagmiljø på ein uheldig måte. Ein viser her særskilt til uttale frå faggruppe F5.

For å imøtekomme føringane om fagmiljø i fleire sentra enn Ålesund rår styringsgruppa at det vert vidareført eit plan- og byggesaksmiljø i Brattvåg. Dette bør ha hovudansvar for nokre viktige fagfelt innanfor plan- og byggesaksområdet. Eksempel som har vore diskutert er planansvar for kystsoneplanlegging og havrom, planlegging av næringsareal mm.

Pilotprosjekta som er satt i verk på Steinshamn og Ørskog i dag skal vidareførast slik innbyggartorga får sakbehandlarkompetanse innanfor tekniske tenester, ein til to dagar per veke, etter behov.

13.5 Årsverk knytt til området

Fleire av årsverka i tabellen nedanfor utfører arbeidsoppgåver innan fleire tenestekområder. Årsverka er plassert på tenestekområda etter skjønning i tabellen. Det er motteke innspel til organisering av kommunalområdet frå leiaren av faggruppe T5 – Brann og redning. Det er fleire av arbeidstakarane innanfor tekniske tenester som kan vere uheldig å lokalisere andre stadar som følgje av funksjonar knytt til brannberedskapen. Når lokalisering av personell skal avgjerast er dette eit viktig punkt å ta inn i vurderinga slik nødvendig beredskap er ivareteke i heile kommunen.

Tenestekområde/fagfelt	Haram	Sandøy	Skodje	Ørskog	Ålesund	Sum ¹
110-sentral					19	19
Brann	4 ²	0,46	0,2	0,8	69	74,26
Hamn³					15	15
Kart og oppmåling	4	2	1	1	16	24
Landbruk	2,6			2,4		5
Plan og bygning	6,6	0,4	2,2	2	24	35,2
Reinhald	13,71				45,2	58,91
Teknisk drift og eigedom	6,19	7,07	7,3	9,5	32	62,06
VAP	3,35	1	0,2	0,4	46,7	51,65
VAR	10,38			2	62,5	74,88
ÅKE					23,5	23,5
Bingsa næring					41,6	41,6
Årim (Ikkje henta inn tal)						
Sum	50,83	10,93	10,9	18,1	379,5	470,26


¹ Tal årsverk er omtrentleg. Dei er ikkje godt nok kvalitetssikra.

² Tal årsverk omfattar ca. 80 tilsette, jf. frå 2% stilling og oppover.

³ Årsverka gjeld Ålesund Havnevesen. Hamna i Sandøy (Ona, Sandøy, Steinshamn, Myklebust og Finnøy) har ikkje tilsette.

13.6 Lokalisering (dagens)- behov for endringer i samsvar med intensjonsavtalen? (på kort og lang sikt)

Vi viser til kartet på side 11. Styringsgruppa har gjort kartlegging av tilhørende bygningsmasse. Korleis desse bygga skal brukast vil gruppa kome tilbake til seinare.



13.7 Beskriv mulige metodar for samarbeid på tvers

Det er gitt føringar om at avgjerder skal tas på eit lavast mogleg nivå, samtidig som en skal styrke det heilskaplege, overordna og tverrfaglige plan- og strategiarbeidet. Dette betyr at ein må ha ei klar og felles forståing for kva oppgåver som høyrer til dei ulike nivåa og knytte desse til dei rette områda i organisasjonen. Delar av dette er illustrert i det følgjande.

Definisjoner

Anskaffelse og utvikling av ressurser*

Allokering og bruk av ressurser*

Løpende optimalisering og bruk av ressurser*



Ressurser slik det er brukt her omfatter bl.a. mennesker, kompetanse, system, utstyr og materiell, bygninger og anlegg, og kapital.

Eksempler

- Overordnet kommunalt planarbeid
- Strategisk anskaffelse og sikring av arealer
- Kompetanse og teknologi utvikling

- Organisering av prosjekter
- Bruk av eksisterende bygg og anlegg

- Løpende saksbehandling
- Teknisk drift, vedlikehold, vakt og beredskap

For å sikre det tverrfaglige og samarbeid på tvers av verksemdene, vil kommunalsjefen etablere ei leiargruppe som består av nøkkelpersonar i kommunalsjefens stab og leiarane for verksemdene innanfor området. Leierane for dei kommunale føretaka bør også delta når dette er relevant. Det er i dette forumet dei overordna og tverrfaglege oppgåvene og

prosjekta må bli diskutert og avgjort, med kommunalsjefen som endelig beslutningstakar. Verksemd-/driftsavtalane må reflektere denne organiseringa og behovet for verksemdene sitt bidrag til fellesskapet.

Styringsgruppa har gjennomført kartlegging av korleis arbeid vert utført i dag. Det er lagd flytskjema av viktige kjerneprosessar og resultatata viser at det vert gjort mykje godt og effektivt arbeid. Dette arbeidet må fortsette for å skape gode felles rutinar i kommunen, med mål om kvalitative- og likeverdige tenester.

Arbeidsformene som skal leggje til rette for nye arbeidsmetodar og samarbeid på tvers, vil sette krav til fysisk utforming av arbeids- og møteplassar og til bruk av ny teknologi. Der arbeidsplassar og kontaktpunkt mot innbyggjarane skal etablerast må det gjerast bygningsmessige tilpassingar. Konkret meiner styringsgruppa at det på desse stadane må gjerast ombyggingstiltak og tilpassingar som må være på plass før 1.1.2020. Det bør opprettast ei arbeidsgruppe som raskt kjem med forslag til bygningsmessige og tekniske løysingar. Det er eit mål å samlokalisere VA (Vatn og avløp) på sentrallageret i Borgundfjordvegen.

13.8 Grunngeving/ vurdering

Intensjonsavtalen tydeleggjer blant anna det geografiske-, strategiske- og utviklingsorienterte perspektivet, med føringar som:

- Meir heilskapleg og overordna planlegging.
- Den nye kommunen skal fordele ansvaret for spesialiserte fagmiljø, som ikkje er stadbunden, mellom de tidligare kommunesentra.
- Pådrivar for å styrke forskings- og utdanningsinstitusjonane.
- Større kapasitet for å vere innovativ og tenke strategisk for nyskaping.
- Den nye kommunen skal være en føregangskommune i digitalisering og teknologibasert utvikling av tenester.
- Utvikle kvaliteten på tenester og service til innbyggerane.

Grunngevinga for val og anbefaling av organisasjonsmodell går fram av teksten til organisasjonsplanen. Andre hovudmodellar blei også vurdert:

- Ein rein linjemodell basert på fagområder, mykje lik organiseringa av området i noverande Ålesund kommune
- Ein ren linjemodell basert på funksjonelle/operative einingar på tvers av fagområda, som f.eks. overordna/tverrfaglig plan, førstelinje mot publikum og myndigheitsutøving, prosjektering og prosjektleiing, og utestyrke/fagarbeidarar.
- Ein matrisemodell basert på fagområde og med geografi/lokalisering i matrisa.

Alle disse ble vurdert som mindre tenlege basert på ulike kriterier som behov for overordna planlegging og strategi, tverrfageleg arbeid, fagmiljø med styrke til eigenutvikling mv.